



ÅRSMELDING 2020

FOR

IDRETTSLAGET TRIO





Årsmøte 2020, tirsdag 15. juni 2021 kl 18:00 på Trio-huset

SAKSLISTE:

- 1. Godkjenning av stemmerett**
- 2. Godkjenning av innkalling og saksliste**
- 3. Valg av ordstyrer og sekretær**
- 4. Valg av to personer til å underskrive protokollen**
- 5. Årsmeldinger**
- 6. Regnskap**
- 7. Innkomne forslag**
- 8. Medlemskontingent**
- 9. Valg**
- 10. Utdelinger**

ÅRSMELDING HOVEDSTYRET - 2020

Hovudstyret

Knut Prestnes, leiar
Hanne Larsen, nestleiar
Egil Jacobsen, kasserer
Knut Årthun, sekretær
Anne Kari Enes, styremedlem

7 styremøter er avholdt i 2020. Grunnet Covid-situasjonen har Gruppelederne kun deltatt på 1 av styremøtene.

Covid-19 utfordringene har sterkt preget både møte- og idrettslig aktivitet gjennom hele året. Gruppene har håndtert situasjonen meget bra.

Merknader fra Årsmøtet 2019

Rollebeskrivelse valgkomité og Mal årsmelding er plassert på Hjemmesida til IL Trio under Idrettslaget - Årsmøter.

Nytt kunstgrasdekke på Kvednabekken gjenstår fremdeles. Beslutning er fattet om å legge nytt dekke i løpet av sommeren 2021.

Kvinnherad Arena

Status pr april 2021 er at det mangler kr 23 mill ekskl. mva før anlegget er fullfinansiert. Det jobbes aktivt med å skaffe penger.

Jubileumsbok

IL Trio feirte 75 år 27.01.2021. I den forbindelse ble en flott jubileumsbok utgitt i oktober 2020. Sparebank 1 stiftinga bidrog med kr 90.000 til finansieringen av jubileumsboka.

Økonomi

IL Trio har en sunn og trygg økonomi, mye p.g.a. godt arbeid i gruppene og gode Covid-19 bidrag fra samarbeidspartnere. IL Trio har mottatt kr 100.000 fra Hydro Husnes og kr 200.000 fra Sparebank 1 stiftinga. I tillegg har Fotballgruppa mottatt kr 210.000 fra Sparebanken Vest. Viser ellers til regnskapet. Styret takker alle sponsorer og samarbeidspartnere for et godt samarbeid.

Dugnadsinnsats

Det er fremdeles glimrende dugnadsinnsats i Trio.

Aktivitet / medlemstall

Det er god aktivitet i gruppene, noe årsmeldingene fra gruppene viser.

Totalt medlemstall pr 31.12.2020: 1.170 (546 kvinner og 624 menn).

Ved forrige årsskifte var det totalt 1.142 medlemmer (519 kvinner og 623 menn).

Detaljert medlemsoversikt pr 31.12.2020 er vedlagt Årsmeldingen.

Styret vil takke alle medlemmer, trenerer, ledere og tillitsvalgte for godt utført arbeid i 2020.

Husnes, 13.04.2021

For styret

Knut Prestnes

Leiar

Vedlegg:

Detaljert medlemsoversikt pr 31.12.2020.

Medlemsoversikt 2020

Org navn	Kjønn	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 -	Total
Trio idrettslag	Kvinner	19	216	176	23	112	546
Trio, IL - Fotball	Kvinner	0	80	100	8	19	207
Trio, IL - Friidrett	Kvinner	0	22	1	0	9	32
Trio, IL - svømmegruppe - Svømming	Kvinner	0	51	7	0	14	72
Trio, IL - Triathlon	Kvinner	0	0	0	0	8	8
Trio, IL - Volleyball	Kvinner	0	1	40	8	13	62
Trio, IL - Gymnastikk og Breddeaktivitet	Kvinner	14	70	19	0	21	124

Org navn	Kjønn	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 -	Total
Trio idrettslag	Menn	18	225	182	43	156	624
Trio, IL - Fotball	Menn	0	158	125	31	57	371
Trio, IL - Friidrett	Menn	0	30	2	0	16	48
Trio, IL - svømmegruppe - Svømming	Menn	1	36	13	1	19	70
Trio, IL - Triathlon	Menn	0	0	0	1	7	8
Trio, IL - Volleyball	Menn	0	0	18	2	11	31
Trio, IL - Gymnastikk og Breddeaktivitet	Menn	11	22	4	1	4	42

Org navn	Total org
Trio idrettslag	1170
Trio, IL - Fotball	578
Trio, IL - Friidrett	80
Trio, IL - svømmegruppe - Svømming	142
Trio, IL - Triathlon	16
Trio, IL - Volleyball	93
Trio, IL - Gymnastikk og Breddeaktivitet	166

ÅRSMELDING - NETTSIDA 2020


Trio har hatt nettsider i mange tiår, men på tampen av 2019 var tida inne for ei real fornying av sidene. Det var eit sterkt ynskje om robuste og moderne nettsider for organisasjonen. Dei nye nettsidene er responsive og tilpassar seg ulike skjermar. (Telefon, nettbrett, PC etc)

iDrift er leverandør av nettsida, medan Martha K. Nerhus og Frøydis N. Mathisen har vore ansvarlege for å implementere alt innhald, i tett samarbeid med leiar for kvar idrettsgrein.

Hausten 2019 gjennomførte omlag 10 personar opplæring, slik at fleire kan bidra med oppdateringar på nettsida, samt leggje inn relevante nyheter.

Vi håpar og trur at medlemmane våre set pris på denne oppgraderinga, og oppfordrar trenarar/lagleiarar til å bidra, slik at vi får ei aktiv side med mykje besøk.

Besøk gjerne sida: <https://il-trio.no/>



Årsmelding Trio friidrett 2020

Friidrettsgruppa har hatt eit år med god aktivitet og gode prestasjonar. Vi er ei lita gruppe, og prøver å bygge oss gradvis opp. I året som har gått har vi fått i gong fleire treningsgrupper. Friidrettsgruppa brukar Trio si nettside aktivt rundt våre arrangement. Vi har i tillegg ei eiga Facebookside for Friidrettsgruppa, men syt også for å alltid bruke Trio si felles Facebookside til å nå ut med informasjonen vår. Det er viktig for å nå ut til flest mogleg.

Styrearbeid og -samansetning

Det har vore 3 styremøter gjennom året, tilknytt aktivitetene våre. I tillegg 2 møter med Lions om Løveleikene, som var under planlegging, men måtte avlysast pga koronasituasjonen. I styret har vore Are Ulseth (leiar), Årstein Eik, Arne Torget, Raymond Bård Olsen, Trude Sundsteigen, Dagfinn Jensen, Ingunn Sæverud Jensen. Det er trong for å styrke styret noko for å etablere meir aktivitet i året som kjem, men vi er i høg grad eit utøvande styre.

Økonomi/støtte

Dette året vart meir beskjedent på økonomisida. Det har vore jobba med ein sponsoravtale, som enno ikkje er i hamn. Vi fekk ein betydeleg sum frå Sparebank1-stiftinga til å arrangere Løveleikene, men denne kan ikkje belast ut før stemnet går føre seg i 2021. Vi har også fått løyvd stønad til tidtakarbu, som blir utbetalt når vi har denne klar.

Noko investering i utstyr har vi gjort, så vi er avhengig av dei faste fordelingane frå hovudstyret (kontingent, kompensasjonsmidlar, sponsormidlar, grasrotandel) for at budsjettet skal gå i hop. Elles er det eit par år sidan friidrettsgruppa fekk eigen økonomi og ikkje lenger berre høyrer under hovudlaget sitt rekneskap. På denne tida har vi også vist at vi klarar å drive utan årlege driftstilskot frå hovudlaget.

Aktivitet

Treningar

Vi har hatt stor oppsving på treningsfronten. Som alle andre vart vi slått tilbake av koronanedstenginga, og det var ikkje fellestreningar i det heile i vårsesongen. Men før haustsesongen klarte vi å etablere nye grupper og auke tilbodet og deltakinga for born kraftig. Medan det tidlegare var fritt fram for alle å kome på trening i felles gruppe, så har vi no etablert fulle treningsgrupper på 15 faste utøvarar i både 6-7 år, 8-9 år og 10-12 år. Ergo har vi over 40 aktive ungar i friidrettsgruppa no. Vonleg klarar vi å opprett halde det også neste år. Vi fekk med nokre nye på trenarfronten i haust, men treng å styrke oss enda meir her.

Eit fast og godt treningsopplegg for ungdom, i hovudsak kastøvingar, vart etablert i 2018 og er vidareført i år. Først og fremst er Raymond Olsen trenar for sonen sin Ådne, men også 2-3 utøvarar frå Uskedal og Rosendal er med i treningsgruppa. Desse driv veldig aktivt året rundt, med 4-5 treningar i veka.

Med utspring i triathlongjengen er det felles løpstreningar 3 gonger i veka. Vår veldig aktive Triathlongruppe er inkluderande og flinke til å, via si Facebookside, dagleg og vekesvis annonsere ulike treningsøker.

Friidrettsmerke er det stadig mindre interesse for, særleg blant dei yngre. Det har ikkje vore råd å få til noko særleg opplegg rundt dette og berre eit par godt vaksne utøvarar har teke merket.

Arrangement

Dei større arrangementa våre gjekk fløyten med koronaen. Verken Triostafett eller Løveleiker vart arrangert i 2020. Men på tampen av året fekk vi likevel gjennomført Kvinnheradmeisterskapen i

friidrett på Husnes stadion. Nøkkelen til suksess er god planlegging og promotering. I stemna ser vi at Trio er godt representert, men det er tyngre å få deltaking frå naboklubbane. I Kvinnheradmeisterskapen var 50 av 59 deltakarar i frå IL Trio. (Året før var det berre 35 deltakarar.)

I tillegg har vi arrangert heile 10 seriestemner på onsdagar, etter at det vart lov med aktivitet igjen frå mai og utover. Dette er fleire enn noko år før. Deltakinga varierer. Relativt beskjedent på sommarstemna, men heile 36 deltakarar på eit seriestemne i september. Det må vera rekord!

Bruk av anlegget

Skulane har vore flinke å bruke det flotte friidrettsanlegget vårt, både til treningar/gymtimar og til ulike arrangement. Anlegget er elles mykje brukt til ymse uorganisert trening. Ikkje minst er Trioløypa, turløypa rundt idrettsparken, veldig populær og blir nytta av fleire titals menneskjer kvar dag. I delar av året har løypa vore sperra grunna arbeid med veg til nye Kvinnherad Arena, vonleg er den snart tilgjengeleg igjen.

Prestasjonar

Ådne Stuland Olsen (16 år):

Kule 5,0 kg: 8.best blant 16-åringar på landsbasis med 11,89 (seriestemne Husnes 09.sept)

Diskos 1,5 kg: 8.best blant 16-åringar på landsbasis med 36,08 (seriestemne Husnes 10.juni)

Slegge 5,0 kg: 5.best blant 16-åringar på landsbasis med 44,60 (seriestemne Husnes 28.aug)

Spyd 0,7 kg: 15.best blant 16-åringar på landsbasis med 36,20 (seriestemne Husnes 03.okt)

Kuleresultatet er det beste i Hordaland krets, medan han i slegge og diskos har nest beste resultat på krets nivå. Størst framgang i slegge, men også veldig fin utvikling i kule, der han har byrja bruke rotasjonsteknikk. Ådne har også delteke på UM på Jessheim og NM i mangekamp på Fagernes.

Elles må nemnast Holmfridur Adalsteinsdottir sin råsterke 2.59 i Karmøy Marathon.

Ein lagsrekord på bane i år: Bente Hellevik med 21.20,2 på 5.000 meter på Husnes stadion 12.august. Erlend Nymark Jensen sprang elles på 15.52,8 i same stemne, men han representerer no Bergen Løpeklubb. Har har sjølv Trio sin lagsrekord for menn med 16.13,3.

Medlemsutvikling

Med auke i treningstilbodet for barn gjennom året, har antal medlemmar gått kraftig opp. 80 registrerte medlemmar i 2020, mot 35 i 2018 og 46 i 2019.

Kompetanseutvikling

Det var planlagt eit trenarkurs i mars, men grunna koronanedstenginga måtte det utsetjast. Det vart heller ikkje råd å gjennomføre det i haust, men vi håpar å få det til vinteren 2021.

Vi ønskjer også å få til eit dommarkurs på Husnes i løpet av vinteren 2021.

Planar

- Øvst blant måla for 2021 står:
- Lokalt trenar- og dommarkurs, evt i samarbeid med øvrige klubbar i Kvinnherad.
- Oppretthalde treningstilbod for born i alle alderstrinna.
- Takoverbygg til høgde-/stavmattene.
- Få bygd ei bu som kan huse det elektroniske tidtakarsystemet (permanent tilgjengeleg).
- Arrangere eit større friidrettsstemne.

ÅRSMELDING FOR TRIOHUSET 2020

Styret:

Runar Blokhus (leiar)
Lars Terje Åsen
Aud Åsen
Svein J Mo
Aud Berit Eide

Drifta og aktiviteten har vore sterkt prega av restriksjonar. Sjølv om Triohuset i store deler av året var ope for kontrollert drift, har bruken av huset vore svært begrensa. Det gjeld både for interne aktivitetar og utleige.

I prosessen med å brannsikre bygget oppdaga ein at loftet kun var godkjent som lagerrom. Difor måtte styret setja i gang den omfattande og kostbare prosessen (arkitekt, konsulentfirma og branningeniør) med å søka Kvinnherad kommune om omdisponering. Den er no godkjent for inntil 30 personar på vilkår om bygging av godkjent branntripp innan tre år. Det er innhenta prisar som vist under. Sjå ellers vedlegg av teikningar.

BKS: 185000,- eks moms ferdig montert i galvanisert utførelse, men utan dør på loft og støypt plate i bunn

Byggeren: 290 000,- eks moms ferdig montert vindeltrapp i galvanisert utførelse inkl arbeid og dør på loft og fundament i bunn.

Husstyret ønsker å søka om midlar for å få gjennomført prosjektet. I tillegg eit spleiselag internt i Trio.

Andre investeringar som er diskuterte er ny varmpumpe og robotgressklippar. Triohuset er i generelt god stand. (Viser til konklusjon tilstandsrapport ved Fonnatakst AS) Triohuset har likevel behov for oppgradering for å framstå moderne og tidsriktig.

Styret har og diskutert om det er formålstjenleg å be eksternt firma om fast pris på vedlikehold og kontroll på brann anlegg, elektrisk anlegg og vatn/renovasjon.

Husstyret har forventningar om at Triohuset skal være eit samlingspunkt for medlemmene i Trio, og på den måten styrka samhörighet og identitet. Triohuset bør også vurderer å utvida bruksområdet. E-sport og fritidsordning har vore nevnt.

Økonomien til Husstyret kan seiast å vera god.

For Styret
Svein J Mo

Årsmelding Onsdagsgjengen 2020

Onsdagsgjengen starta med møte i januar 2020. Me samlast i Triohuset kvar onsdag fram til første stenging av korona i mars. Det vart 10 samlingar i denne perioden. Det var 15 - 20 godt vaksne triomedlemmer på samlingane.

9.juni starta med oppatt etter første korona, men då vart det berre 2 møter før sommarferie.

18.august starta me oppatt etter ferien med godt mot. Fortsatt var frammøte godt. Me hadde generalforsamling på Gry-Helges den 02.09. Vanligvis har me generalforsamling to gonger om året, men på grunn av korona vart julemøte avlyst. Totalt hadde me 12 samlingar i Triohuset på hausten før korona igjen sa stopp.

Aktivitetar.

Fotballdiskusjonar er viktige på møtene. Me tippar resultat på landskampane, i tillegg tippar me 3 topp og 3 botn på ferdigspela eliteserie. Alle tips blir notert i protokoll, og kommentert etter at resultatet er kjent. Sidan tippinga er gratis er det liten premie, men det kan bli "hederlig omtale" for den som tippa best.

Dugnad.

Noko dugnadsarbeid vart utført i 2020 og:

- * Vasking av stolar på stadion.
- * Maling av vinduslister på huset utvendig.
- * Reingjering og spyling av takrenner.
- * Montert beslag på straumkabel mellom Triohuset og lagerbygget.

I tillegg to dugnader på kulturhuset i samband med forestilling til Veslandske teater.

Agnar U. Melkersen og Jon Kristian Rydningen koka kaffe til oss. Dette fortener dei honnør for.

Onsdagsgjengen v/Henning

Årsmelding anlegg Trio Fotball 2020

Bytte spelunderlag på Kvednabekkjen

I 15 år har Kvednabekkjen vore i drift og til stor glede for barn og unge, ikkje berre i frå Husnes, men og i frå omkringliggende bygder. Idrettslaget Trio er ein klubb med over 478 medlemmer fordelt på 28 aktive fotballag. Dette inkluderer a-lag, både dame og herresida. Dei fleste barn og ungdommar som veks opp i Kvinnherad har spelt kamp på Kvednabekkjen, og som det største fotballaget i kommunen, så vil vi tru at det blir slik for framtida og. Banen er i dag utsleten og bekymringar for belastningskader begynner å melde seg.

Den seinere tida har det vore stort fokus på miljøforureininga kunstgrasbanar fører med seg. Trio er sitt ansvar bevisst og er særst innstilt på å bytte kunstgressdekke som er meir miljøvennlig enn det alternativet vi har i dag. Fotballgruppa med anleggsutvalet ynskjer å bytte spelunderlaget på Kvednabekkjen i løpet av 2021. I desse dagar arbeider vi med finansiering og leverandørval.

Ny 11-er kunstgressbane mellom Kvednabekkjen og Trio- huset

Fotballgruppa har vidare planer med ein ny 11-erbane, nytt flomlys og parkanlegg. Vi er ein fotballklubb i vekst og ynskjer oss bedre treningsfasilitetar. Banekapasiteten på kunstgrasbanen i dag er «sprengt». Med eit nytt parkanlegg ynskjer vi at området og skal vera ein naturleg møttestad for folk generelt. Det er laga ein kostnadskalkyle på parkanlegg og ny 11-er kunstgressbane.

Husnes stadion

Trio fotball leiger banen av Kvinnherad kommune. I 2020 gikk kommunen til innkjøp av en robotgrasklippar. Dette har gjort underverker og banen vart brukt ein god del sjølv om seniorfotballen ikkje kom i gong i 2020. Fotballgruppa vedlikeheld i dag tribuneanlegg, speakerbu og kiosken. Trio står og for merking av bane.

Traktor

Denne vert nytta for snørydding og slådding av kunstgressbanen. Utstyret er i god forfatning og har vore viktig med tanke på vedlikehald. Traktoren har vore nytta hyppig i månader med snø, der ein har brøytta løpedekket rundt grasbanen, slik at den og har vore nytta i snøperioden.

Trio bussen

Bussen er en Iveco Daily 17 seter, modell 2006. Denne er nå til reparasjon og EU kontroll. Tanken her er at den skal vera med oss i Trio eit år til. Grappa ved anlegg ynskjer dialog med hovudlaget vedrørende investering av ny buss i 2022.

Generell vedrørende drift og vedlikehold

Vi er tufta på frivillighet og dugnadsånd, og drift og vedlikehold er ei sær utfordrande oppgåve. Vi har eit etterslep på vedlikehald. Gjerdet rundt Kvednabekkjen må fiksast, vi må fjerne grønske på stolane på stadion/tribunen. I tillegg må det byttast ut stolar på stadion/tribunen som er øydelagte.

Husnes, 23 mars 2021

Fred Nilsen

Fred Nilsen

Leiar Fotballgruppa

ÅRSMELDING 2020 TURN

1. Styrets sammensetning

Styret består av 4 kvinner og 2 menn. Leder er Anneli Rønstad, nestleder er Carina Øksnes, kasserer er Trons Gudding, sekretær og webansvarlig er Stian Sund, medlemsansvarlig er Sandra Røssland og arrangementsansvarlig er Ann Christin Bruvik Djuve.

2. Styrets arbeid

Pga smittevern har vi dessverre ikke hatt styremøter i 2020. Styret har lagt til rette for at rutiner for smittevern kan overholdes på de ulike partiene. Vi har hatt ønske om å bedre kommunikasjonen med våre medlemmer og har derfor oppdatert og videreutviklet våre nettsider. IL TRIO Turn ønsker å skape og opprettholde identitet til Norges Gymnastikk og Turnforbund (NGTF). Vi har derfor oppdatert våre nettsider slik at de gjenspeiler profilen til NGTF. I tillegg har vi endret navn på våre to ungdomsparti fra Tumbling/trampett til Salto.

3. Vurdering av aktivitet i forhold til mål

Utstyr og anlegg:

Treningen foregår i gymsalen på Undarheim Skole som er en flerbrukshall som egner seg godt til lagidrett og ballspill, men er lite egnet til gymnastikk og turn. Det går i snitt 20 minutter av verdifull treningstid til rigging av utstyr. Det er i tillegg vanskelig å ivareta sikkerheten til våre utøvere, fordi takhøyden er på 5 meter, men anbefalingene er på 7 meter. Gymnastene må også bruke korridoren utenfor gymsalen for å få langt nok tilløp. Utstyrslageret vårt har nå sprengt kapasitet, slik at vi ikke kan kjøpe nytt og nødvendig utstyr

Grener og aktiviteter:

IL TRIO Turn har tilbud til barn og ungdom. Aktivitetstilbudene er Gymleik 5 år, Idrettens Grunnstige 6 år, Idrettens Grunnstige 7-8 år, Idrettens Grunnstige 9-10 år, salto 11-12 år og Salto 13 år +. Vi har startet opp med Dans 15-19 år.

Vårsemesteret ble dessverre avsluttet allerede 12.mars pga koronasituasjonen. Høstsemesteret startet opp i september. I november avsluttet Tumbling 11-12 år og 13 år + trening for å redusere instruktørens antall nærkontakter. Øvrige parti fortsatte med trening frem til desember.

Beholde våre trenere:

Det var kun en trener som sluttet hos oss, fordi hun og familien flyttet.

Beholde ungdom over 12 år i turngruppen:

I løpet av 2020 var det ca seks ungdommer som sluttet. En av ungdommer sluttet som utøver, men har nå begynt som hjelpetrener hos oss.

Kjønnfordeling 50/50:

Blant utøverene er andelen gutter fortsatt 25 %. Turngruppen har 26 trenere totalt, der 16 er kvinner og 10 er menn. Det vil si at 30% er menn. I styret har vi totalt 6 medlemmer, hvorav 4 er kvinner og 2 er menn. Dette gir en prosentandel på 33 % menn.

4. Medlemsutvikling

Sammenlignet med 2019 har medlemsmassen i turngruppen sunket med 14 medlemmer. Vi har ikke hatt treningstilbud til 3-åringer i 2020 fordi vi ikke har klart å rekruttere trenere.

	2017	2018		2019	2020	2021	2022
Kvinner	125	162		136	124		
Menn	50 (29 %)	56 (26 %)		45 (25.5%)	42 (25,3%)		
Totalt	175	218		180	166		

5. Arrangement

Alle eksterne og interne arrangement ble avlyst i 2020 av hensyn til smitte. Turngruppen hadde oppvisning i Kulturhuset ved lansering av Trioboken. Det var utøvere fra Saltopartiet 13 år + som hadde oppvisningen. Vi kjøpte inn oppvisningsdrakter i forkant for å gi oppvisningen et ekstra løft. Tilbakemeldingene på oppvisningen var svært gode.

6. Utvikling av kompetanse

Alle eksterne kurs ble avlyst. Vi valgte å lage forslag til treningsplan for partiene for barn opp til 10 år. I tillegg har flere av våre trenere tatt «Trenerattesten» i regi av Norges Idrettsforbund.

7. Neste års planer

Vi vil starte arbeidet med å lag en sportsplan for IL TRIO Turn. Alle våre trenere skal ta «Trenerattesten» som synliggjør de viktigste oppgavene og forventningene som stilles til trenere. For å beholde ungdommene i turngruppen lengst mulig, vil vi satse kompetanseheving av våre trenere innen breddekonseptet Salto samt å tilby våre ungdommer Sikringskurs i Trampett og Tumbling. Vi ønsker også å rekruttere to ungdommer til styret som kan bidra til å utvikle turngruppen i den retning som de ønsker. Vi ønsker å bli en mer inkluderende klubb og vil derfor prøve å rekruttere aktuelle trenere for paraturn.



Årsmelding for IL TRIO symjegruppa 2020

dette året har ikke vært et godt år for svømmegruppa. 2020 var preget av covid-19.

året startet som normalt i januar, med svømmeskolen og trening.

Men endra seg raskt 12 mars. For heile landet. Etter dette har vi slitt med stengt basseng.

Vi fikk ikke trene til tross for flere runder med søknader til kommunen. 06.10.2020 fikk vi endelig lov å trene igjen. (4 mnd etter resten av landets bassenger åpnet.)

Vi fikk opplæring i punktvaske og tillatelse kun til å trene igjen, siste søknaden før åpning var å få starte opp uten å holde kurs for svømmeskolen. Da dette ikke var mulig å drifte uten å bryte tiltakene om avstand til barna.

Vi har hatt bassenget 4 dager i uka, dette er svært lite for å komme seg på topp igjen etter stenging.

Vi har ikke fått lov hatt morgen trening eller helger.

Vi har flere stabile og fantastiske instruktører/Trenere og enkelte foreldre som har stått på i denne vanskelige tida med trening, vasking/punktvaske, og registrering til en hver tid.

Følgende har vært med i styret.

Leier :	Vi har ikke hatt leier dette året.
Nestleier :	Tonje Gravdal
Skriver :	
Kasserer :	Ann Helen Collins
Styre Medlem :	Roald Vigrestad
Styre Medlem :	Thomas Issac
Styre Medlem :	Tor Opsanger
Styre Medlem :	Geir Ove Eikemo

Medlemstall.

Medlemstallet pr. Desember 2020 var 141.

24 rekrutt svømmere

25 konkurranse svømmere

64 kursdeltagere i svømmeskolen.

Vi har 49 aktive svømmere.

64 har ikke fått ferdigstilt kursene sine.

Trenere har vært: Ronny Nordal, Roald Vigrestad, Kenneth Blom, Geir Sverre Andreassen, Tor Opsanger. Holmfridur Adalsteinsdottir, Brynjar Vigrestad.

Instruktører i svømmeskolen har vært: Tonje Gravdal, Kurt Petterson, Geir Sverre Andreassen, Ronny Nordal, Solveig Rørvik, Yirgalem Zegegrish Kahsay, Kent Are Kjørsvik Petterson, Laila Øvstebø, Marianne Meyer Borgen, Lillian Hauge johansen og Ellinor Isaac

Svømmeskoleansvarlig har vært Tonje Gravdal.



Aktivitet:

styret har kun hatt et møte i år, dette gjaldt søknad om oppstart i covid tida. Vi har ikke fått samlet alle og heller ikke fordelt roller for styret 2020.

Vi rakk et uapprobert stevne i år. det Å det var Austevollopen. Vi var 22 svømmere på tur,

i samarbeid med Norges røde kors hjelpekorps Bømlo har vi hatt 1 livredderkurs i Oktober. der det var 12 deltagere.

All annen planlagt aktivitet i 2020 vart avlyst for oss i svømmegruppa.



Takk for godt samarbeid og dugnadsinnsats i året som har verdt.
Sammen er vi best.

**Hver nordmann en svømmer,
hver svømmer en livredder.**

ÅRSMELDING 2020

TRIO VOLLEYBALL

Styret i IL Trio Volleyball har i 2020 bestått av følgende personer:

Leiar: Eirik Sævareid
Nestleiar: Robert Haugland
Kasserar : Javier Araya
Styremedlemmer : Sille Tars, Gro Rusten Saghaug, Einar Opdal, Frode Dale, Bjørn Erik Eliassen, Marlene Hauge Johansen, Stig Bruntveit

Som for dei fleste andre har 2020 vært eit spesielt år for Volleyballgruppa som følge av koronapandemien. Då Noreg stengte ned i mars 2020 vart volleyballsesongen i praksis avslutta. På hausten 2020 vart det opna for trening for dei fleste lag, medan det utover i sesongen igjen kom restriksjonar på treningar og kampar. Damelaget spelte ikkje kampar sesongen 2020-2021 som følge av situasjonen. Dei yngre laga har heller ikkje i særleg grad hatt kampaktivitet. Damelaget hadde treningar ein periode hausten 2020, sidan har det ikkje vært gjennomført treningar for seniorspelarar. Dei yngre laga har hatt treningar gjennom vinteren når dette har vore tillette ift. smittevernrestriksjonar.

Som følge av coronapandemien har styret hatt færre møter enn normalt. Styret vil jobba for å auke aktiviteten når pandemien er tilbaketrukket. Ambisjonen er framleis å byggja opp eit tilbod til alle alderstrinn, i tillegg til at både junior- og seniorlaga skal markera seg med gode sportslege resultat i Hordaland. Økonomien i gruppa er god ut frå aktivitets- og kostnadsnivået ein har i dag. Gruppa fekk tildelt ca. NOK 60 000 frå Sparebankstiftinga i Kvinnherad – dette beløpet er tenkt nytta til kjøp av utstyr der ein servemaskin er tenkt å vera den største investeringa.

Gruppa har forventningar til at ein ny idrettshall kan bidra til eit oppsving for innandørsidrettar i Kvinnherad. I dag er det utfordringar med at det er for lite kapasitet i Husneshallen. I tillegg er kvaliteten på volleyballutstyr (stenger, nett) i Husneshallen for dårleg – Volleyballgruppa er ikkje nøgd med Kvinnherad Kommune si oppfølging av dette.

Volleyballgruppa synes det er kjekt når tidlegare Triospelarar hevdar seg og i andre klubbar. I den forbindelse er det verdt å nevne at Christine Skogseth Bjørsvik har teke steget opp frå 2. til 1.divisjon i OSI – og har markert seg godt her i dei kampane som vart spelt sesongen 2020-2021.

Trio 2.divisjon damer

Stian Petterson og Åge Vik var trenarar for laget sesongen 2019-2020. Frå hausten 2020 har Stian Petterson hatt trenaransvaret aleine.

Før sesongen 2019-2020 forlot nokre sentrale spelarar laget - det kom imidlertid til ein del nye spelarar og særleg i første del av sesongen var det stort oppmøte på trening. Sesongen 2019-2020 vart god resultatmessig for laget – men sesongen vart grunna koronapandemien avslutta i mars. Hausten 2020 vart det starta opp trening når retningslinjer opna for dette, men laget spelte ikkje kampar. Volleyballs sesongen 2020-2021 vart ikkje gjennomført som normalt – og laget er framleis i 2.divisjon før sesongen 2021-2022. Vonleg fortsetter dei fleste av spelarane som har vært med dei siste åra – samstundes er det eit ønske om å rekruttere fleire spelarar for å ha ein brei spelarstall.

Gutar U17

Denne treningsgruppa vart starta September 2018. Dei trener to ganger i veka i Husneshallen. Gruppa består av ca.10 spelarar – men har ikkje i særleg grad spelt kampar det siste året. Spelarane har hatt god utvikling og har eit svært stort potensiale

Trenar : Javier Araya

Jenter U15

Denne treningsgruppa vert trena av Sille Tars – laget trener i Husneshallen to ganger i veka. Laget består av ca. 12 spelarar. Laget viser god utvikling og har stort potensiale vidare framover. Vonleg vert det igjen starta kampaktivitet frå hausten 2021.

Gutar/Jenter U15

Denne treningsgruppa vart starta hausten 2018. Gruppa består av 8-10 spelarar av begge kjønn. Laget trener i Husneshallen. trenarar har vært Gro Rusten Saghaug, Stig Bruntveit m.fl.

Minivolleyball

Gruppa som spelar minivolleyball starta opp hausten 2020. Oppmøte har på trening variert noko – men på det meste har ein vært ca. 20 personar på trening. Det blir spennande å følge denne gruppa vidare i årsa som kjem. Eit hovedmål med gruppa er å styrke rekrutteringa til Volleyballgruppa samstundes som at ein skal ha det kjekt og sosialt saman. Gruppa trener i Husneshallen. Trenar er Gro Rusten Saghaug.

Husnes 08.05.2021
IL Trio Volleyball
Styret.



Årsmøte i IL Trio Fotball

Triohuset torsdag 18.03.2021 kl. 19.00

Saksliste

1. Konstituering
2. Årsmelding
3. Rekneskap
4. Nytt spelunderlag på Kvednabekken

Årsmelding fotball gruppa 2020

Styret:

Fred Nilsen	Leiar
Mathias Ring	Nest og seniorleiar
Maria Santiago	Sekretær
Anne Helen Ripel	Ungdomsleiar
Ann Helen Høvik Skogseth	Økonomiansvarleg
Geir Atle Vangsnes	Anleggsansvarleg
Lena Medhaug	Barn
Erna Mikkelsen	Jente/dame
Kjell Magnar Eide	Kvalitetsklubbansvarleg

Andre sentrale personar i klubben:

Per Einar Gjerding	Kvalitetsklubb
Kjell Magnar Eide	Trenarveileidar
Jan Olav Madsgård	Utstyrsansvarleg
Christer Pedersen	Rekruteringsansvarleg
Håvard Skogseth	Buss
Oddvar Eikenes	Dommaransvarleg
Are Ulseth	Dommarkontakt, Husnes Cup, osv.
Anita Åkre Hauge	Kiosk inkl. Husnes Cup
Hanne Larsen	Min idrett, sponsor og Husnes Cup.
Tor Arne Sunde	Vedlikehald Kvednabekken, buss og div.

Valkomit :

Valkomit  IL Trio

Styrets årsmelding

Årshjul



Administrativt ved leiar Fred Nilsen

Det har vore eit annleis år for Trio Fotball grunna Covid-19. Medlemstalet var ved årskiftet 578 stk. fordelt på 28 lag. I 2019 var det 548 medlemmar i fotballgruppa. Dette er ei auke på 30 medlemmar.

Styret har bestått av 9 medlemmar. Det har vore gjennomført ei rekke styremøte både med personleg oppmøte og på Teams. Mykje av styrearbeidet har handla om Covid-19 og gjennomføring av haustsesongen 2020.

Trio vil halde fram med satsinga på jentefotball. Vi er stolte av det vi har fått til her og vil fortsetje med å ha fokus på jentefotball.

Alle utvala har kome godt i gang med arbeidet. Dei ulike utvala er kvalitetsklubb, senior, økonomi, sportsleg, barne og ungdom, dommar og

anlegg. Utvala har vore dedikerte og arbeida godt opp i mot styret. Dette er viktig for å ha ei god drift i klubben.

Vi har ikkje fått gjennomført nokre av grasrot-trenarkursa i 2020 grunna Covid-19. Vi håper at koronasituasjonen vil tillate dette i 2021. Dette er særst viktig og vil bli prioritert gjennomført, så snart situasjonen tillèt dette.

Vi har ikkje fått skifta spelunderlaget på Kvednabekken grunna uklare/ usikre retningslinjer for granulat og kva miljøkrav som vert stilt til dette. Vi tar sikte på å byte spelunderlaget i løpet av 2021-2022. Granulatet som det ser ut for at me kjem til å nytte, er miljøvenleg og består av kork og kokosnøttskal. Kvinnherad kommune finansierer 1/3 av totalkostnaden eks. mva. Finansiering av dette prosjektet avhenger av Kvinnherad kommune si deltaking. Trio Fotball forskotterer moms og spelemidlar. Fotballgruppa har ei unytta pengegåve frå Sparebank 1 stiftinga på 650.000kr, som vil bli brukt til å finansiere dette arbeidet.

Det vert og arbeidd med ny 11-er kunstgrasbane mellom Kvednabekken og Triohuset.

Arrangement ved leiar Fred Nilsen

Covid-19 og lockdown den 12/3-2020 sørga for at alle arrangement etter denne datoen vart avlyst. Arrangement som vart gjennomført før pandemien var Trio cup i Husneshallen for ungdomsfotballen.

Årsmelding frå senioravdelinga

Damelaget og herrelaget trente godt fram til nedstenginga i mars månad. Laga trente også godt under dei strenge Koronavettreglande til NFF før sommaren. Vi håpa i det lengste at det skulle bli breiddefotball for senior i 2020. Då det ikkje vart seriespel for senior blei damelaget omgjort til eit J-17 lag. Dette laget viser stor framgang og lover godt for framtidig damelag. Juniorlaget gjennomførte også ein svært god sesong og vant Sunnhordalandspulja for G19 lag.

Herrelag årsmelding

Covid-19 og lockdown den 12/3-2020 ført til at heile sesongen blei avlyst.

Damelag årsmelding

Covid-19 og lockdown den 12/3-2020 ført til at heile sesongen blei avlyst.

Årsmelding Trio G19

Første halvdel av sesongen var det noko lavt oppmøte på trening, grunna at mange juniorar var i a-lag stillen. Etterkvart som det blei klart at det ikkje vart noko spel i 2020 for a-laget, vart G19 prioritert. Ein har hatt gode treningar der både a-lag spelarane og nokre frå G16 har delteke regelmessig (stor takk til a-laget ved Aleksander og G16 ved Fred for flott samarbeid og koordinering mellom laga). Laget har hatt fokus på intensitet i gjenvinning av ball og tolmodigheit og kombinasjonsspel med ball.

Laget spela dobbelserie i ei rein Sunnhordlandpulje. Kvaliteten var ikkje all verden, men Trott hadde mobilisert ned sine juniorar frå a-lag som Trio, og var eit godt lag. Dei 3 andre (Odda, Rubbestadneset og Stord 2) rauk på ein del store tap og til slutt sto det mellom Trott og Trio. Heimekampen mot Trott enda 2-2 og før borteoppgjeret var det klart at bare siger var nok for Trio for å vinna serien. Gutane leverte ein knallkamp og vant heile 6-1 i Prestegardsskogen. Dermed puljesiger etter 7 singlar, 1 uavgjort og 0 tap. Tore si oppsummering: «15 gode omgangar og 1 dårleg, eit eventyr».

G19 lir av at gutane er i ein alder der dei reiser vekk på skule, jobbar eller reiser i militæret. Det har utover sesongen likevel vore ei stabil og kjekk gruppe, som har levert mykje bra både på trening og i kamp. Humør har vore ein viktig ingrediens i gruppa.

Christian Halvorsen, Per Einar Gjerding, Tore Olderkjær.

Barne- og Ungdomsavdelinga

Me har hatt 22 treningsgrupper i barne og ungdomsavdelinga. Vi merker ei auke i spelarar som kjem til Trio, spelarane kjem hovudsakeleg frå Halsnøy, Herøysund og Uskedalen.

Både J17 og G16 har spelt i 1 divisjon Rogaland og gjort det godt der.

G15 har gjennomført ein sesong med framgang og god utvikling. Tidvis også gode resultat. Laget hadde behov for å låna ein del spelarar i løpet av sesongen.

J15-1 og J15-2 har hatt ein grei sesong med enkelte gode resultat. J14 og J15 ble slått saman til to lag i J15 serie.

G14-1 og G14-2 har gjennomført ein sesong med framgang og god utvikling. Tidvis også gode resultat.

G13 har hatt en sesong med framgang og gode resultat. J13 har også fullført ein sesong med til tider gode resultat og framgang.

Følgjande lag har spelt i Sunnhordalandpuljer.

(G13, J13, G14-1, G14-2, J15-1, J15-2 og G15)

I barneavdelinga har vi i løpet av sesongen fått fleire lag og nye håpefulle spelarar. Rekrutteringsdag rundt oppstartslaga fungerer godt og er svært viktig. Kartlegginga av spelarar og potensielle trenarar for laga på Husnes, Sunde og Valen bærer frukter. Desse har i lag med dei andre laga i barnefotballen hatt moglegheit til å delta på ulike minicupar som har vore arrangert rundt om i kommunen. Pga. Covid-19 er ingen trenarkurs gjennomført. Vi håpar og trur at dette kjem på plass i 2021. Tilbod om trenarretteljar vil og komma. Det spirer og gror godt i klubben vår!

Sjå vedlegg med utfyllande detaljar pr lag:

Trio fotball i 2021

Trio Fotball skal resertifiserast som Kvalitetsklubb 1 seinast 31/12-21. Dette er eit omfattande arbeid og vert leia av Per Einar Gjerding. Sportsplan, rekrutteringsplan og klubbhandbok skal reviderast og fornyast. I tillegg skal det utarbeidast nytt årshjul, ny kompetanseplan og rekrutteringsplan for dommarar. Dei to nye planane er ein del av ny sportsplan.

Vi har endeleg fått på plass ei sportsleg leing i klubben vår. Dette håper vi vil medføre eit sportsleg løft i 2021, som målretta trening på alle alderstrinn og sportsplan som eit godt grunnlagsdokument der ein kan finne føringar for gjennomføring av trening på alle nivå. Sportsplanen som eit levande dokument vil framover bli eit sentralt verktøy.

Trenarforum vil være ein sentral møtestad for å innarbeide og påverke sportsplanen. Dei laga som ynskjer trenarrettleiar, vil også få tilbod om dette om ein ynskjer det.

Det er formelle kompetansekrav på trenarar og leiarar. Dette må vi tilstrebe og etterleve. Dette er en del av kompetanseplanen og dette arbeidet vil bli prioritert.

Anleggs -og utstyrsutvikling er ei sentral del av drifta i klubben vår. Ein ser heile tida på moglegheiter for utvikling og oppgradering av eksisterande anlegg.

Vi har stort potensiale på inntektsida både på sponsor og auka inntekter på arrangementa. Trio Fotball arbeider for å få på plass ein marknadsansvarleg. Medan vi ventar på å få på plass denne personen er det fotballeiar og Hanne Larsen som har utført dette. Ihht sponsor avtaler som er på plass vil fotballgruppa ha ei inntekt på ca. 340.000kr i 2021.

Me skal skifte spelunderlag på Kvednabekken i løpet av 2021-2022. Det vert og arbeid med ny 11-er kunstgrasbane mellom Kvednabekken og Triohuset. Denne banen får det samme spelareale som Kvednabekken og vil bli plassert parallelt med eksisterande bane.

Økonomi

I 2020 har vi hatt ein del inntektstap pga korona. Nokon av desse er cup, kiosksalg, Triolotteri, sponsorinntekter, treningsavgift/medlemskontigent og scoringsklubben. Vi har også hatt større reiseutgifter til kampar pga restriksjonar.

Vi har motteke ca 565.000kr i koronastøtte, frå Hydro Husnes, Sparebanken Vest og staten.

Driftsresultatet før avskrivninger er 442.714kr i pluss.

Val 2021

Verv	Namn	2021
Leiar	Fred Nilsen	<i>Ikkje på val</i>
Nest og seniorleiar	Mathias Ring	<i>På val/tar atval 1 år</i>
Ungdomsleiar	Anne Helen Ripel	<i>Ikkje på val</i>
Sekretær	Maria Santiago	<i>På val/tar atval 1 år</i>
Kasserar	Ann Helen Skogseth	<i>På val/tar atval 1 år</i>
Jenteansvarleg	Erna Mikkelsen	<i>Ikkje på val</i>
Barnefotball	Lena Medhaug	<i>Ikkje på val</i>
Anlegg	Geir Atle Vangsnes	<i>Ikkje på val</i>
Medlem	Kjell Magnar Eide	<i>Trukket seg</i>

Vedlegg:

Årsmelding frå laga i klubben, medlemstal, overgangar og adelskalender.

Årsmeldinger Ungdomsavdelingen 2020

Trio jenter 17

Trening og utvikling

Laget har trent betre enn nokon gong, med godt oppmøte. Sjølvunder dei strengaste «COVID retningslinjer» før sommaren var oppmøte og innstilling på topp. Laget har fortsatt utviklinga spelemessig og blir stadig betre med ball og det å skapa målsjansar mot etablert forsvar. Spesielt ser ein resultat av mykje firkant/overtalls spel, gjennom få touch og at vi blir stadig betre i det å vera orientert før ein får ball. Laget har alltid hatt god effekt av speløktar og vi brukar då naturleg nok mykje tid på spel. Det er god defensiv struktur/forståing. Må jobba meir med effektivitet føre mål.

Seriespel og cup

Laget vart omdøpt til damelag i juni. Då det ikkje vart seriespel for senior i 2020, fekk vi spelt J17 divisjon Rogaland. Her fekk vi avvikla 8 kampar før smitteutviklinga i Sunnhordland satte ein stopparfor dei 2 siste (som ga 0 poeng). Vi endte då som nr. 4 etter 5 sigrar, 1 uavgjort og 2 tap. Vi deltok i februar på Bergen Fotballfestival i Vestlandshallen og vart slått 4-1 av eit meget sterkt Stord-lag i 1.runde av Telenor Cup tidleg i mars før COVID. Vi skulle ha delteke i Norway Cup, men det vart som kjent avlyst.

Generelt og nye/frafall spillere

Spelargruppa i J17 i haust har bestått av 19 spelarar og vi har ikkje vore færre enn 15 på kampane. Vi mister nokon før neste sesong, men har håp om at nokon av «seniorane» blir med igjen frå januar, med ein forventet normal sesong neste år med spel i 5. divisjon senior. Damelaget vil og vera ein mulig arena for dei som er komst lengst på neste års J16-lag.

Kristine Enæs Medhaug, Stig Eide Rusten, Per Einar Gjerding.

Trio gutter 16

Trening og utvikling

Laget trente godt fram til korona lockdown 12 mars. Treningsoppmøte har vært tilfredsstillende og de fleste har vært flinke til å gi beskjed ved forfall. Vi har fokus på å være et spillende lag . Øvelser på trening gjenspeiler dette. Viktig at vi har det kjekt på treninger.

Seriespill og cup

